

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshefte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshefte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknyting til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skriva i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

SKIPSBYGGJAREN OLE HALVORSEN BÅDSVIK I SKJOLD

AV LARS BJOLAND

Ole Halvorsen var fødd på Borgøy i Nedstrand i 1834. Like ved sjøen der var han fødd. Han var nok ikkje store pøyken før han for på bryggja i båt og rodde og rak, for det første inne i det lune fine Sandviksundet. Men straks etter på den opne og ofte stormfulle fjorden utanom Borgøy.

Snaut fullvaksen for han til sjøs. Den guten hadde nok augo med seg der han fór. Han brukte dei og. Og alt måtte han prøva. Han la vel merkje til alt ombord. Korleis allting var laga. Korleis det var sett saman og kva storleik og styrkje kvar ting måtte ha for å halda, då det mest røynde på.

Hørde han nokon snakka om korleis ei skuta måtte vera på skap for å bli ein storsiglar, då stod øyro hans Ola på stølkjer. Han samla og gøynde kvart ordet. Kom han på ein plass med skipsbygging, fór han rundt og kikka og såg på alt frå verkty og vyrkje til alt som var og vart gjort ferdig. Han måtte prøva alt. Han måtte prøva skipsbygging óg, og var vel med på det og ei tid, så han fekk læra faget fullt ut.

I 1866 er han komen til Bådsvik. I takst og framlegg til ny matrikel det året er nemnt: «Bådsviken matrnr. 90. løbenr. 203. Ole Halvorsen, nuværende skyld 4 ort og 5 sk. Høster 15 tdr. havre og 12 tdr. poteter. Foster for 1 hest, 3 kjør, 1 ungfæ og 15 får. Dyrket ager og eng: 8 mål — 48 spd. Naturlig eng 44 mål — 100 spd. Havn 15 spd. Verdi tils. 163 spd. + 1 % for beliggenhed. Brukets verdi 164 spd. Forslag til ny skyld 4 ort og 11 skilling.»

Straks etter at han var komen til Bådsvik tok han til med skipsbygging. Han bygde først ei jakt som fekk namnet «Bådsvik». Men denne bygde han om til galias med namnet «Nain». Deretter bygde han galiasen «Jenkin». Etter nokre år seilte den ut frå Haugesund ein stormdag. Dei fekk ikkje tid å stempla lasta og så kolsegldde den vest av Utsira og seks mann kom vekk, fortel Åke Straum som

var fødd i 1868; han var sine første reiser til sjøs med Bådsvik-bygde skuter.

Fleire av dei skutene var storseglarar. Ofte var det kappsegling. Då fekk dei ikkje reva, så lenge dei trudde riggen heldt og skuta flaut. Åke og bror hans, Nils Kornelius, var og ute med fullriggaren «Haugesund». På ein tur der ombord fall broren ned frå riggen under reving og slo seg i hel.

Ikring 1870 bygde Ole Bådsvik galiassen «Bismarck», og i 1873 bygde han ei stor jakt som vart kalla «Septime». Men denne vart seinare ombygd til galiass med same namn. Han bygde og ei stor skøyte som sonen Johannes seinare fekk.

Ole hadde sjøhus og våningshus i Haugesund. I Bådsvik bygde han stort sjøhus, våningshus og lòa på garden og eit stovehus ned med sjøen til fargereri. Det sistnemnde vart seinare ombyggt til bakeri på kjellaren og handelshus elles.

Av møteboka for Skjold heradstyre ser eg, at der i møte 10/3 1873 var søknad frå Ole Bådsvik om å få fastsett handelsskatten for eit a/s handelslag han hadde tenkt å skipa. Skatten vart fastsett til 4 spd.

Han var sjølv skipsreidar, og nokre bønder hadde aksjer både i skutene og i handelslaget. Etter tida då var han ei stund ein rik mann. Han var ei tid skipper sjølv og dreiv med sildesalting.

Erik, Gudmund og far deira, Ola Dalsneset m. fl. var skipsbyggjarar, og Tørres Raunes frå Vats var smed.

Ein bror til lensmann Ola Dybdahl, Osmund Nilson Straum, og Martin Jakobson Lindanger, Haugesund m. fl. var skiprarar. Denne sistnemnde seglde «Septime» på grunn ved Stettin. Skutene var visst ikkje assurerte.

Dampskipsfarten tok på å tyna velstanden til selgskipsreidarane, og då dei to store skipstapa kom attåt, tok nok det både midler og makt frå Ole Bådsvik og mange bønder ikring, då gjekk handelslaget og konkurs.

Ole Bådsvik var gift med Ane Kristiana Knudsdr. Steinsvik. Dei hadde sonen Johannes, f. 1867, gift med Hanna Sofia Håkonsdr. Storstein, Skåre, f. 1868. Born: 1. Håkon Ingolf, f. 26/2 1893. 2. Agnes Otelia, d. 3 år gamal. 3. Johannes. 4. Olav. 5. Kristoffer. 6. Harald. 7. Ingart. 8. Birger.

Motgongen og det tunge tapet for Ole Bådsvik tok nok hardt. Håret hans vart kvitt på ei stutt tid. Men eg hørde han aldri klaga. Og ikkje la han seg i ro for det. I ein liten lun, fin og solrik dal

tok han til å planta frukttrær. Det var mellom 1880—90 åra. 1897—98 var amtsskulen i Skjoldestraumen. Lærarane Salveson og Bergsvik budde då hjå Ole Bådsvik. På sumarkurset kom Jon Hovda. Han hadde den unge og kvikke kona og den så å segja nyfødde sonen Theodor med seg. Eg var skulegut. Eg elska desse folka. Ein sundag hadde dei ein lang tur heilt nord til Bjoland. Eg kom i lag med dei. Der var ikkje barnevogner i den tid. Eg fekk difor den æra å byta med dei å bera det vesle prestaemnet. Å, kor gildt eg tykte det var å få gjera desse folka ei lita tenesta!

Ein fin vårdag kom amtsgartnar Jansen til skulen og snakka til oss om hagebruk. Om ettermiddagen tok han oss skulegutane med sør til Ole Bådsvik for å lære oss å forelda og beskjera frukttre. Der var helst aplar. Dei fleste var så gamle og store at dei hadde bore. Men Ole var ikkje nøgd med alle sortar. Han ville difor få innpota nye. Og det fekk han.

Siste gongen eg var hjå Ole, budde han i handelshuset nede ved sjøen. Der ved sjøen var det han hadde dreve skipsbyggeriet og skapt sine storseglarar sine slanke, stolte skuter. Og der ville han vera åleine med sine mange minner.

Han var gamal. «Hans hår var kvitt, men han lo og sang og var som en ungdom frisk.» Han var gjestfri; eg måtte ha mat. Han kokte kaffi. På bordet fann han det som til hørde. Me åt. Eg måtte smaka syltetyet. Han hadde sjølv laga det av epler og pærer, sa han. Det var svært godt. Eg tykte alltid gildt om Ola. Han var ein av dei som ser framover mot store og større mål. Han sette alle sine krefter inn for å nå dei. Om han møtte motgong og tap av alt han åtte, hørde eg han aldri klaga.